

Økonomiforum 9.9.2015

Etter førespurnad vart det informert litt om arbeidsfordelinga på økonomiseksjonen ved fakultetet. Det vart understreka at det ikkje er klare grenser mellom dei ulike arbeidsoppgåvene og at det er stor grad av overlapp og arbeidsdeling. Tine har likevel eit ekstra ansvar for arealsaker, Malene for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet, og Rigmor det overordna ansvaret ved seksjonen. Vidare vart det framheva at ein ved å sende e-post til okonomi@mnfa.uib.no vil nå alle tre, og vere sikker på å få hjelp, sjølv om den som har hovudansvar for den aktuelle arbeidsoppgåva skulle vere vekke.

Det vart informert om at dei rutine og malane økonomiforum har utarbeidd, som ein del av AU-prosjektet, no er gjort tilgjengeleg på MN-wiki, og oppfordra til å ta dei i bruk.

Ny prognosemal for GB, utarbeidd etter same prinsipp som prognosemal BOA, er no tilgjengeleg på MN-wiki, og vart demonstrert i økonomiforum.

Utforminga av fakultetet sin økonomirapport til fakultetsstyret er endra, og denne vart raskt gjennomgått. Det vart informert om at det i forlenginga av dette vil kome endringar i måten fakultetet ber om rapportering frå institutta i løpet av dei neste månadane.

Det vart oppfordra til å lese styresakene som er relevante for økonomi. Både rekneskapsrapport per juli og fakultetet sitt budsjettforslag for 2016 er tilgjengeleg på fakultetet si nettside, og bør lesast: [Møte 10.09.2015 | Universitetet i Bergen](#)

Det vart også informert litt om prosessen knytt til utarbeiding av budsjett for 2016. Det vil verte korte fristar, men mykje av arbeidet kan gjerast allereie før tildelingsbrev vert sendt ut. I økonomiforum vil det verte lagt til rette for å starte arbeidet tidleg. Budsjettmalane fakultetet årleg utarbeidar vil verte gjort tilgjengeleg så snart som mogeleg, og fastlønnsmalane vil bli gjennomgått allereie i neste økonomiforum. Utarbeiding av budsjettet vil vere tema i økonomiforum utover hausten.

Det vil i november bli arrangert Excel-kurs for økonomikonsulentar ved fakultetet, og det vart informert kort om dette. Om nokon har ytterlegare innspel til innhald i kurset, kan desse sendast til okonomi@mnfa.uib.no.

Det vart informert om at det vil bli arrangert eit informasjonsmøte for forskingskoordinatorar og økonomikonsulentar knytt til SFF-utlysninga, og understreka at det er viktig å prioritere dette for dei som skal delta i arbeidet med SFF-søknadar.

Følgjande problemstillingar knytt til BOA vart diskutert:

- Rekneskapsføring av toppfinansiering frå UiB sentralt knytt til EU-aktivitet
- Føring av eigenfinansiering på nye prosjekt budsjettert etter TDI-modellen
- Bruk av NFR-budsjetteringsmal utarbeidd av UiB sentralt

Fakultetet vil ta innspela vidare, og vil gi tilbakemelding når vi veit meir.